

SOGNEKRAFT AS  
Røysavegen 1  
6893 VIK I SOGN

Vår dato: 20.12.2018  
Vår ref.: 201800784-6  
Arkiv: 641  
Dykkar dato: 28.09.2018  
Dykkar ref.:

Sakshandsamar:  
Ragnhild Aker Nordeng  
22959845/rakn@nve.no

## Vedtak: Brot på systemansvarsforskrifta § 14 Sognekraft AS

Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE) fattar vedtak om at Sognekraft AS har brote forskrift om systemansvaret i kraftsystemet (systemansvarsforskrifta) § 14 ved å sette i drift anlegg utan godkjenning frå systemansvarleg. Etter ei samla vurdering har vi kome til at vi ikkje skal gje gebyr for brot på systemansvarsforskrifta i denne saka. Vi anbefaler at de gjennomgår rutinane dykkar for å informere systemansvarleg i samsvar med systemansvarsforskrifta § 14.

### Vedtak

I samsvar med forskrift av 7. mai 2002 nr. 448 om systemansvaret i kraftsystemet §§ 14 og 26a fattar NVE følgjande vedtak:

1. Sognekraft AS har ikkje følgt systemansvarsforskrifta § 14 første ledd då kraftverket Årøy 2 blei sett i drift etter endringar i anlegget.
2. Vi gjev ikkje gebyr for brotet på systemansvarsforskrifta § 14.

### Bakgrunn for saka

Den 15. januar 2018 mottok vi ein kopi av vedtak om godkjenning av endringar i kraftverket Årøy 2 frå Statnett som systemansvarleg. I vedtaket kjem det fram at anlegget blei sett i drift utan godkjenning av systemansvarleg. Aggregat 1 blei sett i drift 25. mai 2015 og aggregat 2 blei sett i drift 8. juni 2015. Endringane gjeld byte av turbinregulatorar. Systemansvarleg fekk søknad om godkjenning 11. desember 2017. Systemansvarleg meiner dette er eit brot på systemansvarsforskrifta § 14 første ledd og har derfor ei plikt til å sende ein kopi av vedtaket til NVE.

I brev av 21. september 2018 skriv de at systemansvarleg ikkje blei informert fordi de hadde dårleg tid til å gjennomføre skifte av turbinregulator og gløynde å sende inn søknad.

### NVE meiner at Sognekraft AS har brote regelverket

Konsesjonær skal informere systemansvarleg om planar for nye anlegg eller endringar i noverande anlegg i regional- og transmisjonsnett når endringa får følgjer for andre konsesjonærar. Nye anlegg eller endringar i noverande anlegg kan ikkje bli sett i drift utan vedtak frå systemansvarleg.

E-post: [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no), Postboks 5091, Majorstuen, 0301 OSLO, Telefon: 09575, Internett: [www.nve.no](http://www.nve.no)

Org.nr.: NO 970 205 039 MVA Bankkonto: 7694 05 08971

**Hovedkontor**  
Middelthunsgate 29  
Postboks 5091, Majorstuen  
0301 OSLO

**Region Midt-Norge**  
Abels gate 9  
7030 TRONDHEIM

**Region Nord**  
Kongens gate 14-18  
8514 NARVIK

**Region Sør**  
Anton Jenssensgate 7  
Postboks 2124  
3103 TØNSBERG

**Region Vest**  
Naustdalsvegen. 1B  
6800 FØRDE

**Region Øst**  
Vangsvæien 73  
Postboks 4223  
2307 HAMAR

Konsesjonær bør informere systemansvarleg så tidleg som mogleg, slik at systemansvarleg har reelt høve til å stille ytterlegare krav til anlegget. Derfor er det heller ikkje tilstrekkeleg å søkje berre få veker før anlegget blir sett i drift.

På bakgrunn av informasjon motteke frå systemansvarlig og frå dykk, legg vi til grunn at tiltaket får følgjer for andre konsesjonærar og at det blei sett i drift utan godkjenning av systemansvarleg. De har dermed ikkje følgt systemansvarsforskrifta § 14 første ledd.

### **Konsekvensar av brot på forskrifta**

Etter systemansvarsforskrifta § 26a, kan NVE gje gebyr for brot på § 14. NVE har inga plikt til å gje slikt gebyr, dette blir avgjort etter skjønn. I vurderinga har vi blant anna lagt vekt på at dette er første brot. Vi har derfor kome fram til at vi ikkje skal gje gebyr for brot på systemansvarsforskrifta i denne saka.

Vi legg til grunn at de i framtida følgjer opp systemansvarsforskrifta § 14, og sender informasjon om nye anlegg eller endringar i noverande anlegg til systemansvarleg i god tid før det blir sett i drift. Som eit minimum skal nye anlegg ikkje bli sett i drift før systemansvarleg har godkjent tiltaket. Ved framtidige brot på systemansvarsforskrifta § 14 vil vi vurdere å gje gebyr. Vi anbefaler at de gjennomgår rutinane dykkar for å informere systemansvarleg i samsvar med systemansvarsforskrifta § 14. NVE avsluttar med dette saka.

### **Klagerett**

De kan klage på denne avgjerda til Olje- og energidepartementet innan 21. januar 2019. De må grunngje ei eventuell klage skriftleg, klaga skal bli stilt til Olje- og energidepartementet og sendast til NVE. Vi føretrekkjer elektronisk oversending til den sentrale e-postadressa vår [nve@nve.no](mailto:nve@nve.no). Sjå nærmare om krav til klagar i forvaltningslova [kapittel VI](#).

Ta gjerne direkte kontakt med saksbehandlaren vår dersom de har spørsmål.

Med helsing

Torfinn Jonassen  
seksjonssjef

Ragnhild Aker Nordeng  
avdelingsingeniør

*Dokumentet vert sendt utan underskrift. Det er godkjent etter interne rutinar.*

Vedlegg:

Kopi til:

Jacob Hornnes  
Kai-Vidar Myrhol  
Post  
Statnett SF

